

REFERAT FRÅ MØTE I KOMMUNALT FAU
14. OKTOBER 2013

Til stades: Tommy Haugen, Vidar Austarå, Kolbein Havrevoll, Hallvard Finnvik, Laila Økstra, Sonia Lie, Siri Fisketjøn, Helene Sejersted Bødtker, Laila Steine og Sigrund Kleppa.

SAK 1 ORIENTERING OM OPPGÅVENE TIL KOMMUNALT FORELDREARBEIDSUTVAL

Tommy Haugen og Sigrund Kleppa orienterte om oppgåvene til KFU.

Det blei også gitt ei kort orientering om Ung Data undersøkinga som er gjort i skulane, og presentert for skulane av SLT – koordinator Torbjørn Indrebø. Mellom anna går det fram at det er ein relativt stor andel av elevane som i denne undersøkinga seier at dei har psykiske utfordringar av ulikt slag.

Spesialundervisning i skulane har gått ned i antal, men ved nye læringsmål aukar behovet for ekstra opplæring. Dette er dermed ressurs messig meir krevjande, og det er difor viktig at stillingsressursane blir oppretthaldt. Dette er eit område KFU bør halde seg orientert om i tida fram til kommunestyret skal vedta budsjett.

Oppvekstsjefen orienterte også om gjennomført kursdag med Pål Roland med grensesetting som tema.

SAK2 VAL AV LEIAR, NESTLEIAR OG SEKRETÆR

Leiar: Helene Sejersted Bødtker
Nestleiar: Siri Fisketjøn Indrebø
Sekretær: Laila Steine

Sand skule blir representert ved 1 representant frå ungdomstrinnet og 1 representant frå barne- og mellomtrinnet.

SAK 3 ORIENTERING OM HAUGALANDSLØFTET

Sigrund orienterte om arbeidet i Haugalandsløftet.

Haugalandsløftet har stort fokus på tilrettelagt undervisning, og arbeidar mellom anna med relasjonsbygging i klasserommet, tydeleg klasseleiing, matematikk- og lesestrategi, samt undervegs-vurdering.

Det er også lagt opp til felles plandag med fokus på forebyggjande arbeid.

Oppvekstsjefen meinar at arbeidet med tilpassa opplæring fungerer godt i Suldalsskulane. KFU var også opptatt av kva dei ulike skulane gjer i høve til tilrettelagt undervisning for dei fagleg sterke elevane og ønskjer eit større fokus også her.

Oppvekstsjefen inviterer representant frå PPT til å gi ei orientering til KFU om arbeidet dei gjer

Det er etablert ei koordinerande eining som har møte kvar veke. Hensikt er å samordne planar/tiltak og arbeid mot enkeltelevar og ungdommar som treng oppfølging frå ulike hald. Den koordinerande eininga fører dei ulike tenesteområda nærmare kvarandre, og skal betre kunne sjå og bidra heilskapleg inn mot barn/unge som har behov for dei ulike tenestene. Den koordinerande eininga har også ei førebyggjande rolle.

Den koordinerande eininga er samansett av representantar frå m.a. oppvekstsektor (barnehage/skule), NAV, PPT, og helsesektor.

SAK 4 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SIJA I DEN LOKALE ARBEIDSGRUPPA FOR HAUGALANDSLØFTET

Det er tidlegare etterlyst godtgjering for foreldrerepresentantane i den lokale arbeidsgruppa. Trass i sterkt ønskje om foreldrerepresentasjon i denne gruppa, er det per i dag ikkje rom for å utbetale godtgjering til foreldre som deltar i møter med Haugalandsløftet.

KFU ønskjer igjen å presisere dette ovanfor kommunen, og skriv på nytt eit brev der ein peikar på denne problemstillinga.

SAK 5 ORIENTERING OM ARBEIDET MED BUDSJETT FOR 2014

Sigrund orienterte om budsjettarbeidet.

Rådmannen legg fram forslag til budsjett i november, og det er viktig at KFU følgjer med på dette i samanheng med eventuelle endringar i ressursar og stillingar. Spesielt gjeld dette i samband med stillingar knytt til spesialundervisning, som nevnt i sak 1.

SAK 6 EVENTUELTT

- Orientering frå dei ulike skulane. Det er ingen saker som skal følgjast opp vidare av KFU.
- KFU meinte det var ei utfordring med prosessen rundt arbeidet med skuleruta. Det aller meste er bestemt i forkant og ikkje mogleg å gjere endringar i. KFU meiner at skuleruta likevel må sendast på høyring, slik at FAU på dei ulike skulane får denne til handsaming før den blir vedtatt.

Sigrund Kleppa

Oppvekstsjef

Laila Steine

skrivar